



GERDT MEYER BRUUN AS
Fjøsangerveien 71
5073 BERGEN

Dato: 04.01.2018
Vår ref.: 2016/9012-214
Saksbehandlar: irekron
Dykkar ref.:

Reperbanen i Fjøsangerveien 71 - Askeladden ID: 87179-1 - Statsbudsjettet 2017 kap 1429 post 71 - Tildeling av ekstra midlar

Riksantikvaren har i vedtaksbrev datert 24.11.2017 gjeve Hordaland fylkeskommune ei ekstratildeling på kr 2 000 000,- av ubrukte midlar frå statsbudsjettet 2017, kap. 1429 post 71 – tilskot til freda bygningar og anlegg i privat eige, kulturmiljø og kulturlandskap.

I Riksantikvarens vedtak står det at «Midlane skal i sin heilskap bli brukt til sikring og istandsetting av reperbanen i Fjøsangerveien 71, Bergen kommune.»

Når det gjeld den nærmere bruken av midlane, tek vi utgangspunkt i søknaden om tilskot for 2018, sendt inn 25.10.2017. Midlane skal primært gå til vidareføring av pågående arbeid med tak og berekonstruksjonar. Kontaktperson i HFK er Roald Landøy 55 23 99 93.

Akseptskjema

Vi gjer også merksam på at skjemaet **aksept for vilkår av tilskudd** må returnerast seinast **4 veker** etter at dette brevet er motteke.

Tidsavgrensing

Tilskotet kan overførast til neste år etter søknad. Søknaden sendast tidlegast mulig og seinast innan 1. november. Etter utløpet av år to bortfaller tilskotet.

Godkjende planar

Det må liggja føre planar godkjende av fylkeskonservatoren, **før** arbeidet vert sett i gang.

Dei fleste inngrep i freda bygningar krev dispensasjon etter kulturminnelova § 15a. Tilsegn om tilskot er ikkje det same som dispensasjon. Skjema finn du på: <http://www.hordaland.no/nn-NO/kultur/kulturminnevern-og-museum/loyve-til-endring-av-freda-kulturminne/>

Før det vert sett i gang arbeid som inneber utskifting av material og/eller bygningsdelar, ny overflatehandsaming eller farge, eller anna arbeid som går ut over enkelt vedlikehald på freda bygningar, må det difor sendast eigen dispensasjonssøknad der dei planlagde tiltaka vert skildra detaljert.

Arbeidsgjevaransvar

Søkjaren må sjølv stå som arbeidsgjevar for dei handverkarane som utfører arbeidet. Dette inneber at rekningar skal adresserast til søkjær, som må forskottera utbetalinga.

Vilkår for utbetaling av tilskot

Utbetaling av tilskot skjer på bakgrunn av utbetalingsanmodning frå tilskotsmottakar. Anmodninga skal innehalda dokumentasjon på at prosjektet er igangsatt.

Rapport og rekneskap

Etter at prosjektet er avslutta skal det sendast rekneskap og sluttrapport innan fristen som er angitt i vedtaket om tilskot.

Fylkeskommunen og fylket sin revisor skal ha høve til å setje i verk kontroll med at midlane vert forvalta slik som føresett. Fylkeskommunen og fylket sin revisor skal ha rett til dei opplysningane ein finn påkrevd for sin kontroll.

Bevilgningsreglementet

Vi viser til Bevilgningsreglementet § 10 og gjer merksam på at Fylkeskommunen har adgang til å føre kontroll med at tilskuddet brukes etter forutsetningene. Riksrevisjonen har tilsvarende kontrolladgang heimla i lov om riksrevisjonen av 7. mai 2004 § 12.

Per Morten Ekerhovd
kst. fylkesdirektør kultur og idrett

David Aasen Sandved
kst. fylkeskonservator

Sakshandsamar: Erlend Hofstad, Roald Landøy

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.